



Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Kommunestyret	

Sakshandsamar:	Stabsavdelinga	Tove Mette Arnø Fyllingen
	Arkivnr.: 14/3599	Klassering:

Forvaltningsrevisjonsrapport - plan og bygg

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og forslag til tiltak.

Kommunestyret vil spesielt peike på følgjande:

- Det er viktig at ein har ein god organisasjonskultur som sikrar at saker og publikum/søkarar blir handsama på ein god måte. Kommunen skal ha ein god brukarservice.
- Nokon av dei sama utfordringane og forslag til tiltak som var foreslått i rapporten 2010 er framleis aktuelle i 2014.
- Kommunen må sikre seg at ein har gode styringsdata slik at ein kan ha god oversikt over tenesteproduksjon.
- Heimesida til kommunen må utviklast slik at informasjonen vert lett tilgjengeleg for publikum og brukarvennleg.

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Vedlagte saksdokument:

Særutskrift 30.10.14 forv rev bygggesak Lindås kontr utval	31090	12.11.2014
Forvaltningsrevisjon av plan og bygg i Lindås kommune - endeleg rapport	31089	12.11.2014

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost

Til
Kontrollutvalet i Lindås kommune

Deloitte AS
Damsgårdsvane 135
Postboks 6013 Postterminalen
NO-5892 Bergen
Norway


Tlf.: +47 55 21 81 00
Faks: +47 55 21 81 33
www.deloitte.no

UAVHENGIGHETSERKLÆRING

Deloitte AS v/Oddvar Sundsbø sin eigenvurdering av uavhengighet følgjer punktvis i forhold til krav i kommunelova § 79 og revisjonsforskriftene §§ 13 og 14:

Pkt. 1: Tilsetjingstilhove	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikke anna stilling hos kommunen eller i verksemder som kommunen deltek i.</i>
Pkt. 2: Medlem i styrande organ	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen er ikke medlem av styrande organ i noko verksemder som kommunen deltek i.</i>
Pkt. 3: Deltek i eller har funksjonar i anna verksemder, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikke funksjonar i noko verksemder som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rollen som revisor for Lindås kommune.</i>
Pkt. 4: Nærståande	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikke nærstående som har tilknyting til Lindås kommune som er av betydning for vår uavhengighet og objektivitet.</i>
Pkt 5: Rådgjevings- eller andre tenester som er eigna til å påverke revisors habilitet	<i>Vi stadfester at det for tida ikke vert ytt rådgjevings- eller andre tenester til Lindås kommune som kjem i konflikt med krav til uavhengighet og objektivitet.</i>
Pkt. 6: Tenester under kommunens eigne leiings- og kontrollloppgåver	<i>Vi stadfester at det for tida ikke vert ytt tenester til Lindås kommune som hører inn under kommunen sine eigne leiings- og kontrollloppgåver.</i>
Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Vi stadfester at Deloitte for tida ikke opptrer som fullmektig for Lindås kommune.</i>
Pkt. 8: Andre særeigne forhold	<i>Vi kjenner ikke til at det ligg føre andre særeigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til Deloitte AS som revisor for Lindås kommune.</i>

Bergen, 30. september 2014
Deloitte AS




Oddvar Sundsbø
statsautorisert revisor



Lindås kommune

KJØP AV REVISJONSTENESTER

Konkurransegrunnlag



7. februar 2011

1	TILBODSINNBYDING	3
1.1	INNLEIING.....	3
1.2	PROSEODYRE	3
2	TILBODSVILKÅR	3
2.1	TILBODSFASEN	3
2.2	OPPDRAKGJEVER SINE KONTAKTPERSONAR	3
2.3	TILBODET: UTFORMING OG INNHOLD	3
2.4	ATTERHALD	4
2.5	MERKING AV TILBODET.....	4
2.6	INNLEVERING AV TILBOD.....	4
2.7	TILBAKEKALLING ELLER ENDRING I INNSENDE TILBOD	4
2.8	ENDRING AV KONKURRANSEGRUNNLAGET.....	4
2.9	TILBODSFRIST	4
2.10	TILBODSOPNING. PROTOKOLL. OFFENTLEGGJERING.....	4
2.11	VEDSTÅINGSFRIST	4
2.12	TILDELINGSKRITERIUM.....	5
2.13	VAL AV LEVERANDØR	5
2.14	AVLYSING AV KONKURRANSSEN. FORKASTING AV ALLE TILBOD.....	5
2.15	ANDRE FØRESETNADER.....	5
3	KRAVSSPESIFIKASJON	5
3.1	KVA KONKURRANSSEN GJELD.....	5
3.2	NÆRARÉ SKILDRING AV OPPDRAGET.....	6
3.3	KVA SOM SKAL REVIDERAST	8
3.4	KOR LENGE OPPDRAGET VARER.....	8
3.5	KVALIFIKASJONSKRAV.....	9
3.6	PRIS	9
4	KONTRAKTSVILKÅR.....	9
4.1	DEFINISJONAR	9
4.2	KONTRAKTSDOKUMENT. TOLKINGSREGEL	10
4.3	MISLEGHALD FRÅ LEVERANDØREN.....	10
4.4	BETALING	11
4.5	HEVING VED MISLEGHALD FRÅ LEVERANDØREN	11
4.6	TVISTAR. LOVVAL.....	12

1 TILBODSINNBYDING

1.1 INNLEIING

Lindås kommune har som mål å inngå avtale om levering av revisjonstenester og ber med dette om tilbod.

1.2 PROSEDYRE

Innkjøpsprosedyren er ein open tilbodskonkurranse som skal gjennomførast på grunnlag av reglane i dette konkurransegrunnlaget, Lov om offentlige anskaffelser, og Forskrift om offentlige anskaffelser del I og III.

2 TILBODSVILKÅR

2.1 TILBODSFASEN

Tilbodsinnbydinga er gjort allmenn kjend gjennom kunngjering i DOFFIN-databasen. All kontakt som blir tillagt vekt skal vera skriftleg.

2.2 OPPDRAGSGJEVAR SINE KONTAKTPERSONAR

Namn: Ingeborg Askeland Tlf.: 99 25 17 64 E-post: ingeborg.askeland@c2i.net
 Namn: Vidar Kolstad Tlf.: 56 37 51 42 E-post: yko@lindas.kommune.no

Ingeborg Askeland er leiar av kontrollutvalet. Vidar Kolstad er sakshandsamar for konkurransen.

2.3 TILBODET: UTFORMING OG INNHOLD

2.3.1 Utforming

Tilbodet skal vera skriftleg, på norsk, datert og underskrive.

2.3.2 Innhaldet i tilbodet

Tilbodet skal innhalsa:

- ◆ Tilbydar skal oppfylla alle krav i konkurransegrunnlaget når det gjeld opplysningar og krav til yting og garantiar.
- ◆ Prisar skal nemnast i tilbodet i norske kroner. Mva. skal vera utrykkeleg spesifisert. I prisane i tilbodet skal alle kostnader i samband med tilbodet vera inkludert. Postar som ikkje er eksplisitt prisa, vert oppfatta som inkludert i dei prisane som er oppgitt.
- ◆ Følgjande skal leggjast ved tilbodet:
 - 1.Skatteattest for skatt
 - 2.Skatteattest for mva
 - 3.HMS – eigenfråsegn
 - 4.CV`ar eller tilsvarande for dei frå leverandøren sitt personale som skal utføra oppdraget.
 - 5.Referansar

6.Tilbydar si siste årsmelding

2.4 ATTERHALD

Eventuelle etterhald skal vera klart skildra og prisa. Alle etterhald skal prisast slik at oppdragsgjevar kan samanlikna prisane.

2.5 MERKING AV TILBODET

Sendinga skal merkjast tydeleg: "Tilbod revisjon".

2.6 INNLEVERING AV TILBOD

Tilboden skal sendast til :

Lindås kommune

Rådmannen

5914 ISDALSTØ

Tilboda vert ikkje leverte tilbake.

2.7 TILBAKEKALLING ELLER ENDRING I INNSENDE TILBOD

Eit tilbod kan kallast tilbake eller endrast før tilbodsfristen går ut. Etter tilbodsfristen er ute, kan tilbydar ikkje kalla tilbake eller endra tilboden før vedståingsfristen er gått ut, jf. punkt om vedståingsfrist.. Tilbakekalling skal skje skriftleg. Endring av innsendt tilbod vert sett på som eit nytt tilbod.

2.8 ENDRING AV KONKURRANSEGRUNNLAGET

Som oppdragsgjevar tek Lindås kommunen etterhald om endringar, tillegg til eller modifikasjonar av konkurransegrunnlaget undervegs. Slike endringar, tillegg eller modifikasjonar vil bli melde til alle som har fått konkurransegrunnlaget skriftleg seinast 6 –seks- dagar før tilbodsfristen går ut.

2.9 TILBODSFRIST

Tilbodsfristen er 28. mars 2011, kl. 12.00. Innan denne fristen må tilboden vera kome inn til rett adresse. Tilbodsfristen er absolutt.

2.10 TILBODSOPNING. PROTOKOLL. OFFENTLEGGJERING

Tilbodsopninga vil skje i Lindås kommune etter at tilbodsfristen er gått ut. Opninga vil skje utan at tilbydarar eller utanforståande er til stades. Oppdragsgjevar vil føra protokoll frå konkurransen og vil også elles følgja dei reglar og prosedyrar som sikrar ein rettferdig konkurranse. Reglane om offentlegheit i Offentleglova gjeld.

2.11 VEDSTÅINGSFRIST

Tilboden må vedståast til og med 30. juni 2011. Dersom kontrakt ikkje blir inngått, fell forpliktingane for tilbydar bort etter at vedståingsfristen er ute.

2.12 TILDELINGSKRITERIUM

Tildeling av kontrakten vil skje på grunnlag av det som er best økonomisk ut frå ei heilskapsvurdering der ein tek omsyn til følgjande kriterium:

Pris (fastpris og timepris):	50 %
Kompetanse	50 %
Sum	100 %

Under vurdering av kompetanse vil det bli lagt vekt på følgjande:

1. Vi ønskjer at det blir oppnemnt kontaktperson(ar) på høgt nivå i organisasjonen, for rekneskapsrevisionen og forvaltningsrevisjonen (partner/dagleg leiar). Utvida informasjon/CV på kontaktperson(ane) må leggjast ved.
2. Kompetansen til dei av tilbydaren sine tilsette som skal utføra oppdraget skal oppgjevest ved CV eller tilsvarende. Oppdragsgjevar føreset at det vert avsett røynde revisorar til å gjennomføra dette oppdraget. Det vil også bli lagt vekt på kjennskap til offentleg forvaltning. I arbeidet med forvaltningsrevisjonar vert det lagt stor vekt på at juridisk kompetanse er tilgjengeleg. Brei kompetanse elles er ønskjeleg.
3. I tillegg til kompetanse, må røynsle oppgjevest. Seniorkompetanse (minst tre år) vil bli vektlagt. Det vil også bli lagt vekt på erfaring med tilsvarende oppdrag for andre kommunar.
4. Leverandøren skal visa til referansar (namn på kommunar, kontaktperson og telefonnummer, lengd på oppdrag)

2.13 VAL AV LEVERANDØR

Når eit tilbod og leverandør er valt, er dei andre tilboda ikkje bindande lenger. Lindås kommune vil utan ugrunna opphold mælda skriftleg og samtidig til tilbydarane kven som får oppdraget. Meldinga vil innhalda ei grunngjeving for valet og gje ein frist for eventuell klage på vedtaket.

2.14 AVLYSING AV KONKURRANSEN. FORKASTING AV ALLE TILBOD.

Oppdragsgjevar kan forkasta alle tilbod dersom resultatet av konkurransen gir sakleg grunn for det. Dersom konkurransen vert avlyst, eller alle tilbod blir forkasta, vil oppdragsgjevar gje tilbydarane melding om dette utan ugrunna opphold.

2.15 ANDRE FØRESETNADER

Tilbydar er innforstått med at alle utgifter tilbydar har i samband med denne konkurransen, er for tilbydars rekning og risiko.

3 KRAVSSPESIFIKASJON

3.1 KVA KONKURRANSEN GJELD

Oppdragsgjevar ønskjer tilbod på revisjonstenester for kommunen, inkludert rekneskapsrevisjon m/årsavslutning, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Revisjonsplikta er i hovudsak forankra i

kommunelova med tilhøyrande forskrifter, jf. kommunelova, Forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner m.v.” og lov om vergemål for umyndige.

I tillegg er kontrollutvalet i kommunen si rolle ved revisjon regulert i eiga forskrift, jf. ”Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner”.

Revisjonen skal oppfylla alle krav fastsett i lov, forskrift eller anna aktuelt statleg regelverk/-instruks. Vidare skal revisjonen gjennomførast i samsvar med god kommunal revisjonskritikk og etablerte kjende standardar.

Tilbodet skal gjelda heile revisjonsprosessen frå planlegging av oppdraget til revisjonsmelding/-uttale er lagt fram.

Oppdragsgjevar har fullstendig opphavs- og egedomsrett til levert revisjon.

3.2 NÆRARE SKILDRING AV OPPDRAGET

Oppdragsgjevar ventar at revisjonen tek del i relevante møte, og at dette vert nemnt som ein del av tilbodet..

3.2.1 Årsrekneskapen

Revisjonen skal revidera kommunen sitt årsrekneskap. Opplistinga er ikkje uttømmande, men leverandøren skal:

- ◆ Vurdera om årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lover og forskrifter.
- ◆ Vurdera om årsrekneskapen gir eit rett uttrykk for den økonomiske verksemda og korleis stillingen er for denne ved årsskiftet i samsvar med god communal reknereksskikk. (GKRS). Under dette skal revisor kvalitetssikra at reknerekspet omfattar alle økonomiske midlar som er disponert gjennom året, at alle kjende utgifter og inntekter er tekne med, anten dei er betalte eller ikkje når reknerekspet vert avslutta.
- ◆ Sjå etter at tala i reknerekspet stemmer med regulert budsjett slik det kjem fram etter vedtak/endringar, og at vesentlege avvik er gjort greie for i rapporten.
- ◆ Vurdera om opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen, og at administrasjonen sine forslag til disponeringar av reknerekspesmessig overskot er i samsvar med lover og forskrifter.
- ◆ Sjå til at kommunen har oppfylt plikta si til å syta for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av reknerekspesopplysningar i samsvar med lover og forskrifter.
- ◆ Sjå til at formueforvaltninga er ordna på ein trygg måte med forsvarleg kontroll.
- ◆ Hjelpa til med å førebyggja og avdekka feil og misleghald.
- ◆ Kontrollera og vurdera etterkalkylar, som dokumenterer at sjølvkostrekneskap er utarbeidde og korrekt handtert, på vesentlege/lov- og forskriftsbestemte sjølvkostområde.

Leverandøren skal leggja fram revisjonsmeldinga til kommunen seinast 15.april.

3.2.2 Andre faste oppdrag inkludert i fastprisen

Leverandøren skal gå gjennom og attestera reknerekstal i samband med kommunale refusjonskrav og rapporteringar til offentlege mynde.

Leverandøren skal levera revisjonsuttalar.

Opplistinga av revisjonsuttalar er ikkje uttømmande, men følgjande skal leverast:

- ◆ Refusjon for utgifter til arbeidsmarknadstiltak
- ◆ Refusjonskrav for særskild språkundervisning for framandspråklege elevar i grunnskulen
- ◆ Konvertering av data - KOSTRA
- ◆ Kompensasjon for meirverdiavgift
- ◆ Psykisk utviklingshemma
- ◆ Ressurskrevjande brukarar
- ◆ Prosjektrekneskap investering
- ◆ Investeringar i skuleanlegg og helseinstitusjonar
- ◆ Spelemiddelrekneskap
- ◆ "Den kulturelle skulesekken"
- ◆ Oppgjer øvingslærarar i grunnskulen
- ◆ Tilskot til opplæring innan kriminalomsorga
- ◆ Finansforvaltningsreglement
- ◆ Refusjon ytingar statlege mottak
- ◆ Refusjon ytingar barnevern
- ◆ Statsrefusjon for kommunale barnevernsutgifter for einslege mindreårige asylsøkjarar og flyktningar
- ◆ Andre refusjonskrav
- ◆ Brukarstyrt personleg assistent
- ◆ Bustadsosialt arbeid
- ◆ Revisjon av interkommunale rekneskap som inngår i Lindås kommune sin årsrekneskap
- ◆ Revisjon av overformynderi og hjelpeverjer (100 hjelpeverjerekneskap)
- ◆ Revisjon av klientmidlar (70 klientrekneskap)
- ◆ Revisjon av pasientmidlar (pasientrekneskap for tre sjukeheimar)
- ◆ Revisjon av legat (to legat)

3.2.3 Andre særrekneskap

Leverandøren må koma med uttale innan den fristen som er sett for kvart enkelt særrekneskap.

3.2.4 Forvaltningsrevisjon

Innhaldet i forvaltningsrevisjonar kjem fram i revisjonsforskrifta , jf §7:

"Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virknader ut frå kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger. Herunder om

- a) forvaltningen bruker ressurser til å løse oppgaver som samsvarer med kommunestyrets vedtak og forutsetninger
- b) forvaltningens ressursbruk og virkemidler er effektive i forhold til målene som er satt på området
- c) regelverket etterleves
- d) forvaltningens styringsverktøy og virkemidler er hensiktsmessige
- e) bestlutningsgrunnlaget fra administrasjonen til de politiske organer samsvarer med offentlige utredningskrav
- f) resultatene i tjenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyrets eller fylkestingets forutsetninger og /eller om resultatene for virksomhetene er nådd.

Gjennomføring og rapportering av forvaltningsrevisjon skal skje i henhold til god kommunal revisjonskikk og etablerte og anerkjente standarder på området, og det skal etableres revisjonskriterier for det enkelte prosjekt."

Revisor skal rapportera resultatet av gjennomførde revisjonar til kontrollutvalet etter kvart, og leggja det fram for kommunestyret dersom kontrollutvalet ber om det. Oppdragsgjevar er ikkje forplikta til å skaffa eit visst tal timer til forvaltningsrevisjon. Dette vil seia at oppdragsgjevar kan stå fritt til å nytta andre leverandørar av forvaltningsrevisjon i avtaleperioden, dersom oppdragsgjevar finn dette føremålstenleg. Alle oppdrag skal avtalast skriftleg på førehand.

3.2.5 Selskapskontroll

Leverandøren skal føra kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Oppdragsgjevar er ikkje forplikta til å skaffa eit visst tal timer til selskapskontroll. Dette vil seia at oppdragsgjevar kan stå fritt til å nytta andre leverandørar av selskapskontroll i avtaleperioden, dersom oppdragsgjevar finn dette føremålstenleg. Alle oppdrag skal avtalast skriftleg på førehand.

3.2.6 Lindås kyrkjelege fellesråd

Leverandøren skal revidere årsrekneskapane for Lindås kyrkjelege fellesråd og sokneråda.

3.2.7 Andre revisjonstenester

I tillegg til den revisjonen som er nemnt ovanfor, kan det bli aktuelt å tinga andre revisjonstenester, som t.d. rådgjevingstenester (som internkontrollopplegg, samtalar etc. Heller ikkje når det gjeld "Andre revisjonstenester" er oppdragsgjevar pliktig til å skaffa eit visst tal timer revisjon. Dette vil seia at i avtaleperioden står ein fritt til å nytta andre leverandørar til "andre revisjonstenester" dersom oppdragsgjevar finn dette føremålstenleg. Alle oppdrag skal avtalast skriftleg på førehand.

3.2.8 Rapportering

Revisor skal årleg utarbeida ein halvårsrapport og ein rapport for heile revisjonsåret for kommunen, stila til kontrollutvalet. Rapportane skal skildra kva revisjonsoppgåver som er utførte og korleis dei er gjennomførte.

Prisen for dette skal gå inn i fastprisen for rekneskapsrevisjon.

3.2.9 Møte i kontrollutvalet og kontakt med sekretæren for kontrollutvalet

Tilbodet må inkludera at revisjonen deltek på inntil seks møte pr. år i kontrollutvalet, og at revisjonen held jamleg kontakt med sekretæren, m.a. ved e-post. Svar på e-post bør skje innan akseptabel tid.

3.3 KVA SOM SKAL REVIDERAST

Revisjonsoppdraget gjeld heile kommunen som juridisk eining, inkludert m.a. pasientrekneskap og overformynderiet. I tillegg gjeld oppdraget Kyrkjeleg fellesråd og sokneråda.

3.4 KOR LENGE OPPDRAGET VARER

Leverandøren skal vera kommunen sin lovpålagde revisjon frå og med 1.7.2011. Dette vil seia at leverandøren skal revidera frå og med rekneskapsåret 2011.

Tidsperioden for kontrakten er 3 år + opsjon på 1 år. Dette vil seia at leverandøren skal revidera til og med rekneskapsåret 2013 + opsjon på 1 år, men fungera som kommunen sin revisor til og med 30.6.2014 + opsjon på 1 år.

3.5 KVALIFIKASJONSKRAV

Tilbydarane skal oppfylla lov- og forskriftskrav til revisorar.

Tilbydar må vera tilgjengeleg for oppdragsgjevar pr. telefon, elektronisk kommunikasjon og personleg frammøte.

Tilbydarane skal leggja ved Skatteattest for meirverdiavgift (skjema RF-1244) utsteda av skattekontoret i det fylket der leverandøren har hovudkontor sitt, Skatteattest for skatt (skjema RF-1244) skrive ut av skatteoppkrevjar der leverandøren har hovudkontoret sitt, og HMS-eigenfråsegn. Attestane må ikkje vere eldre enn 6 månadar rekna frå tilbodsfristen.

3.6 PRIS

Alle prisar inkluderer dekning av leverandøren sine utgifter og kostnader av alle slag, saman med pårekna forteneste. Dette vil seia at det ikkje skal koma noko som helst form for pristillegg i tillegg til dei prisane som er oppgitt. Prisane skal oppgjevast ekskl. og inkl. mva. Tilbydarane skal gje følgjande prisar:

1. Pris for rekneskapsrevisjon

Prisen for rekneskapsrevisjon skal oppgjevast som fastpris pr. år.

2. Pris for forvaltningsrevisjon.

Prisen for forvaltningsrevisjon skal oppgjevast pr. time.

3. Pris for selskapskontroll.

Pris for selskapskontroll skal oppgjevast pr. time.

4. Pris for andre revisjonstenester.

Prisen for andre revisjonstenester skal oppgjevast pr. time.

Prisene for revisjon av Kyrkjeleg fellesråd og sokneråda skal spesifiserast for seg, utanom tenestene som gjeld Lindås kommune.

Ved vurdering av pris, vil ein vurdera rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon i samanheng. Forvaltningsrevisjonen kan ventast å verta ca. 400 timer pr. år.

4 KONTRAKTSVILKÅR

4.1 DEFINISJONAR

Tilbodet:	Tilbydars bindande tilsegn om å levera etterspurde varer og tenester for ein nærmare fastsett pris.
-----------	-----------------------------------------------------------------------------------------------------

Konkurransegrunnlaget:	Dette dokumentet, motteke av tilbydaren som grunnlag for å arbeida ut tilbodet.
Kontrakten:	Avtaletilhøvet mellom partane, omfattar alle dei dokumenta som følgjer nedanfor.
Kontraktsvilkåra:	Kapittel 4 i konkurransegrunnlaget.
Leveransen:	Dei varer og tenester som dette kjøpet omfattar.
Oppdragsgjever:	Lindås kommune
Leverandøren:	Den som har gjort avtale med oppdragsgjever om leveransen.
Underleverandør:	Tredjeperson som leverandøren har gitt oppdrag for heilt eller delvis å oppfylla dei pliktene leverandøren har i samsvar med avtalen.

4.2 KONTRAKTSDOCUMENT. TOLKINGSREGEL.

Kontrakten er samansett av følgjande dokument:

- A) Konkurransegrunnlaget med vedlegg.
- B) Tilbodet.

Ved eventuell motstrid i kontraktsdokumenta, gjeld kontraktsdokumenta i den rekjkjefølgja som er gitt ovanfor. Elles skal partane i alle ledd i gjennomføringa av kontrakten følgja norske lover, forskrifter og eventuelle andre pålegg og vedtak gjort av offentlege mynde.

4.3 MISLEGHALD FRÅ LEVERANDØREN

4.3.1 Definisjonar

A) Mangel

Det føreligg mangel dersom ytingane frå leverandøren avvik frå det som er avtalt.

B) Forseinking

Det er forseinking dersom leveringa ikkje skjer i samsvar med dei fristane som er fastsette i kontrakten.

4.3.2 Retting

Forseinkingar og /eller manglar ved leveransen etter kontrakten skal rettast opp av leverandøren utan ugrunna opphald og for leverandøren si rekning og risiko. Oppdragsgjever kan sjølv retta opp tilhøvet for leverandøren sin kostnad dersom det ikkje vert gjort utan ugrunna opphald.

4.3.3 Varsel frå leverandøren om forseinking/mangel m.v. ved leveransen.

Leverandøren skal, straks etter han har blitt klar over feil og/eller mangel, forseinking eller andre plikter etter kontrakten som ikkje er gjennomførte, varsle oppdragsgjever skriftleg om dette. han skal utan ugrunna opphald melda kva han vil gjera for å retta på tilhøva.

Dersom leverandøren ikkje har retta tilhøvet innan 14 - fjorten- kalenderdagar etter at oppdragsgjever har sendt skriftleg varsel om vesentlege kontraktsbrot , kan oppdragsgjever heva kontrakten.

4.3.4 Prisavslag

Blir mangel eller feil ved leveransen ikkje retta i samsvar med punktet om retting, kan oppdragsgjever krevja prisavslag. Prisavslaget skal tilsvara det som det vil kosta oppdragsgjever å få retta tilhøvet.

4.3.5 Erstatning

Dersom det ligg føre kontraktsbrot frå leverandøren si side, har oppdragsgjevar rett til å krevja erstatning etter alminnelege reglar. Det er likevel slik at betalt dagsmulkt skal gå til frådrag i erstatninga, så langt dagsmulkta er kompensasjonsrelevant.

4.3.6 Indirekte tap

Ingen av partane har ansvar for den andre parten sine indirekte tap.

4.3.7 Reklamasjonsfrist

Oppdragsgjevar må gjera merksam på feil, forseinkingar eller manglar m. v. innan rimeleg tid. Leverandøren kan likevel ikkje påropaa seg for sein reklamasjon dersom feilen, forseinkinga eller mangelen m. v. skuldast grov akløyse eller forsett.

4.4 BETALING

4.4.1 Generelt

Leverandøren får utbetalt vederlaga på etterskot. Betalingsvilkår er 30 dagar frå det tidspunktet Oppdragsgjevar har mottatt faktura. Det skal ikkje reknast fakturagebyr, ekspedisjonsgebyr eller noko anna form for gebyr.

4.4.2 Rett til tilbakehald

Har oppdragsgjevar andre krav mot leverandøren, kan oppdragsgjevar halda att så mykje av betalinga at han har tilstrekkeleg trygd for å få dekka eit spesifikt krav.

4.4.3 Rente ved forseinking.

Ved forseinka betaling kan leverandøren krevja forseinkingsrente i samsvar med forseinkingslova om renter ved forseinka betaling m.m. Purregebyr og andre kostnader i samband med forseinka betaling vert føresett dekka av forseinkingsrenta.

4.5 HEVING VED MISLEGHOLD FRÅ LEVERANDØREN

Oppdragsgjevar kan heva kontrakten dersom leverandøren mislegheld pliktene etter kontrakten på vesentleg vis, eller at det er klart at det vil skje eit vesentleg misleghold og tilhøvet ikkje vert retta etter skriftleg varsel frå oppdragsgjevar innan ein rimeleg frist sett av oppdragsgjevar.

Følgjande situasjonar skal alltid vera å sjå på som vesentleg misleghold:

- ◆ Leverandøren går konkurs, eller blir eller vedkjenner seg å vera insolvent, med mindre det blir sett fram påliteleg tryggleik for at kontrakten kan gjennomførast til rett tid.
- ◆ Ved forseinka levering av heile eller deler av leveransen, føresett at leveringa er minst ein månad forseinka.

Om kontrakten skal hevast, må oppdragsgjevar gje skriftleg melding til leverandøren om dette.

4.6 TVISTAR. LOVVAL

Dersom det blir tvistar mellom partane med utgangspunkt i kontrakten, skal ein prøva å løysa det på minneleg måte. Dersom dette ikkje lykkast, skal tvisten avgjerast av dei ordinære domstolane. Søksmåla skal i tilfelle gå til Nordhordland tingrett. Kontrakten er lagt inn under norsk rett og skal tolkast i samsvar med dette.